

## Møtet

Stien som førte fram til skogmunninga snirkla seg langs hovudvegen. Sakte skeiva stien ut mot høgre, bort i frå asfalt og gatelys, og oppover der buskane vaks tett og grusen forsvann inn i graset. Etter ein stund gåande gjennom buskar og spirande ung-trer enda ein opp framfor ein ruvande skog. Trea var så høge dei blokkerte ut alt av sollys og stammene så tjukke du trengte ein heil barnehag for å rekkje rundt. Bakken var alltid tørr og brun; dei store vifteforma gran-greinene heldt regnet ute medan musa koste seg rundt dei tjukke røtene. Det var alltid så stille der inne, blant dei ruvande grantrea og den mjuke bakken – bilvegen var som forsvunnen i det du byrja å bevege deg gjennom labyrinten av tre.

I heile bygda raste det rykte om monstrar og troll som vanka inni skogen. På eit tidspunkt hadde det vore normalt at banehagen hadde turar inn der. Ikkje no lengre. Etter eit par terroristerte barn og illsinte foreldre, stoppa dei med turane inn i Trollskogen. No var det berre ein sjeldan turgåar her og der som passerte dei grovbarka trea og mørke som dei førte med seg. Det var så mange andre, *fine*, turveggar ein kunne velje – brattare, lysare og kjekkare turstiar var det over heile bygda. Men Trollskogen vart ikkje gløymt. Bak eit lite skur som for lengst hadde vore gløymd, i utkanten av skogen, eit stykkje i frå veggen, var det veldig fint og isolert. Bak skuret viste naturen teikn på regelmessig bruk – tomflasker, søppel og brente kullklumpar. Det var ikkje vanskeleg å feste her i bygda. Foreldre lukka auga og snudde seg vekk då borna drog på festar og stal far sin Jägermeister. Her i bygda var det kulaste ein kunne gjera å snike med seg vodkaen og ølet bak Skuret; plassen å vere dersom du var kul.

Gjertrud stod ved vegkanten. Det var seint, natta var varm og månen lyste så blidt oppe på den mørke himmelkvelvingen. Ho retta på kjolen ho hadde tatt på for anledninga. Ho keik rundt seg; veggen var aude, ikkje ein einaste bil å sjå. Ho kunne høyre nokre folk kome gåande rundt svingen, men det høyrtes ikkje ut som Janne. Janne hadde sagt at ho skulle vente med den store steinen. Ho skulle ikkje gå opp åleine – Gjertrud visste veggen, men Janne hadde sagt at det gjekk absolutt ikkje på tale, ho måtte vente på Janne. Så der stod ho, pynta med kjole og krøllene rydda vekk i ein flette som hang nedover ryggen. Eit par gutar kom sjanglande rundt hjørna. Dei lyse dongeribuksene deira var holete. Dei heldt nokre flasker i

hendene. Gjertrud stirra på dei med store auge. Dei lo grovt til kvarandre, før dei forsvann inn bak nokre buskar. Ho kunne høyre dei le heile vegen opp til Skuret.

Gjertrud var mor si engel, far sin vetle skatt og læraren sin gullklump. Som seksten år hadde ho aldri vore med på å gjere noko ulovleg, vilt eller smakt noko som helst alkohol. Ho stod stille ei stund, kjente hjarta bank hardt. Ho kjende seg splitta – ho keik bak seg, det ville vere så enkelt å berre gå heim igjen. Men ho hadde lova Janne. Før ho rakk å bestemme seg for noko anna kom Janne rundt hjørna. Janne var høg, det visste Gjertrud, men i den kvite kjolen virka Janne enda høgare enn før. Kjolen rakk heilt ned til anklane, dei korte ermene hang lågt på overarmene; skuldrane var nakne. Det mørkeblonde håret hang laust nevoer ryggen hennar. Gjertrud keik ned på seg sjølv. Ho såg ut som eit barn i forhold. Janne hadde vakse det siste året; ho såg ut som ei kvinne. Gjertrud drog i kjolen som faren hadde kjøpt for fleire år sidan. Den var smertefult utgått på dato, men det var det einaste ho kunne tenkje seg var bra nok til ein anledning som denne.

«Hei! Der er du!» Janne smilte stort til ho. Over skuldra hang ei stor veske, den såg tungt ut.

«Hei.» Gjertrud smilte tilbake, drog litt i det rosa stoffet kjolen var lagd av.

Janne kom nærare. Gjertrud kunne sjå fleire gullssmykkar hang nedover brystet hennar. Janne fletta si arm med hennar arm. Gjertrud følgde etter venninna gjennom buskane og oppover ei lita skråning. Trea var små og spinkle her nede med vegen. Gjertrud kunne sjå den tynne stien framfor dei i månelysset. Dei stoppa framfor skuret. Det var bygt av sement, mosen hadde gitt bygningen eit grønleg skjær, det stod solid i skuggane av Trollskogen. Tre-døra var for lengst vore sparka inn, treverket var rotn de det låg på sementgolvet. Janne fniste litt i det ho la frå seg veska innanfor dørøpninga. Gjertrud vart ståande å myse i mørket; månen ga ikkje den beste belysninga. Ho såg ingen andre, men hørte dei tydeleg frå bak bygningen.

«Kom no, Gjertrud!»

Gjertrud følgde etter så godt ho kunne. Janne forsvann i ein stor fart, når Gjertrud kom snublande rundt hjørna var ho forsvunnen i den vesle mengda menneske som var samla i skogholtet. Alle var orientert rundt eit stor bål. Det knistra valdsamt frå dei tørre kvistane som dei hadde hive på flammene. Ho lurte på kvifor dei hadde tent i gong eit bål, no i juni.

Ho fekk ikkje tid til å tenkje for mykje over det. Janne dukka opp bak skuldra hennar og dytta ein flaske i hendene hennar.

«Kom igjen, Gjertrud! Slå deg laus!»

Gjertrud tok flaska og såg at Janne forsvann bak ein busk igjen. Ho sette seg ned på ein stokk like bak skuret. Ho kjende seg uroleg. Dette likte ho ikkje; ingen visste kvar ho var. Foreldra trudde ho var hos bestemora og bestemora trudde ho var hos ei venninne. Ho kjende smaken av dårleg samvit i munnen, ho klarte ikkje svelgje drikka. Det lukta som det faren drakk ein laurdagskveld onkelen kom på besøk. Ho sette flaska frå seg bak stokken.

Ho vart sitjande i skuggane ei god stund. Ingen la merke til ho. Janne kom ikkje tilbake. Ho kjende seg tom der ho sat. Kvifor måtte ho lyge til foreldra for å oppleve dette? Var det verkeleg så fantastisk? Var det ho det var noko gale med? Ho keik rundt seg, prøvde å sjå om ho kjende nokon igjen. Flammene kasta dansande skuggar på dei fleste, men ho kunne ikkje sei det sikkert om ho kjende noko igjen. Ho kunne høyre folk spy bak tree; ho kunne høyre folk kysse, om ikkje meir. Ved bålet sat det tre gutar og sendte ein sigarett fram og tilbake mellom kvarandre. Dette likte ho ikkje.

Ho reiste seg for å gå, det var ikkje nødvendig å sitte å kokkelure her dersom ho ikkje hadde det gøy. Ho såg ikkje etter Janne, den andre jenta var for lenge sidan forsvunne bak eit tre med ein ukjent fyr. Gjertrud snubla seg over røtene tilbake rundt skuret igjen. Der framme kunne ho sjå gatelysa nede med hovudvegen. Ho kjende seg letta når ho la auga på den trygge velkjente veggen heim.

I neste augneblink låg ho på bakken. Ho kjende den grove bakken med røter og brunt granbar mot kinnet sitt i det ho låg med armane spreidd ut. Ho låg eit par sekund, lamslått, før ho kom seg opp på kne. Ho skotta bak seg, kunne så vidt sjå den bøygde rota som hadde snubla ho.

«Går det fint med deg?»

Gjertrud skvatt til. Ho om seg opp på beina og såg ein figur kom farande mot ho.

«Jada, det går fint.» Gjertrud kjende pusten kom litt fort i det ho la auga på eit ansikt opplyst av månen. Auga var store, ho kunne ikkje sjå kva farge dei var, men dei skein i det kvite lyset. Nasa var spiss og leppene kasta skuggar ned over ei spiss hake. Håret hans var klipt kort.

«Du gjekk hardt ned.» Han la handa si på armen hennar, som om å dobbeltsjekka at ho faktisk stod der.

«Ja, eg gjorde visst det.»

«Eine sekundet står du der, så er du borte, som ein trollmann!» Han trakk på skuldrane og lo litt. Gjertrud smilte tilbake.

«Eg er nok ingen trollmann.»

«Nei.» Han trakk på skuldrane igjen. «Fekk du vondt?»

«Neida, ikkje noko eg ikkje tåle.»

«Det var bra. Eg eige ikkje mykje av musklar. Det hadde tatt sin tid å bere deg ned til vegen, tenke eg.»

Gjertrud svarte ikkje. Ho visste ikkje kva ein skulle sei til noko slikt.

«Eg kan følgje deg ned til vegen.»

«...Ja.» Gjertrud kjende kinna bli raude. Dette var som i ein av dei kioskromanane veslesystema alltid masa om å få kjøpe i butikken. Mor sa alltid nei, slikt tull leser ein ikkje.

«Kom då.»

Han la handa på ryggen hennar. Dei gjekk i stillheit ned skråninga. Månen skein og stjernene glitra som små krystaller på den mørke fløyelen. Lufta var varm og god mot huda, graset kilte dei bare leggane hennar. Ho kjende seg sår der kroppen møtte bakken, men alt det forsvann inn i varmen frå handa hans på ryggen hennar. Dei møtte asfalten med nølande skritt. Ho kunne sjå han betre no. Auga hans var blå; håret var så lyst blondt at det nesten kunne sjåast kvitt ut i lyset frå gatelyktene. Han var eit hovud høgare enn ho. Ho stirra opp på han, kjende blodet stige opp i ansiktet hennar.

«Så, kva heitte du?»

«Gjertrud, du då?»

«Ole Johannes, til teneste.»